

SULDAL **SV** VALPROGRAM 2019

EIT GRØNT OG RETTFERDIG SULDAL

SV vil styrka demokratiet. I dag blir makt og ressursar samla på færre hender. Det er pengemakta som rår. SV vil ha eit samfunn der me tar viktige avgjerder i fellesskap, og der livsgrunnlaget og det felles beste ikkje må vika for kortsiktig profitt til dei få.

Ei stemme til SV er ei stemme for sterke fellesskap og miljø, for levande lokalsamfunn, trygge arbeidsplassar og solidaritet. Det er ei stemme for robuste, funksjonsdyktige bygdesamfunn som legg til rette for aktivitet og sjølvutvikling, og det er ei stemme for meir folkemakt og mindre pengemakt.

Demokrati og likeverd

Me vil ha folkemøte før viktige saker skal ut på høyring. I saker som vil ha særleg innverknad på eit stort fleirtal av innbyggjarane, ønskjer me at det skal nyttast folkeavstemming.

Suldal skal vera ein inkluderande og fordomsfri kommune. Me vil jobba for kjønnsnøytrale og ikkje-stigmatiserande namn på råd, etatar, bygningar og stillingar.

Nye kommunale bygg og bygg som blir rehabiliterte skal vera universelt utforma, om det ikkje er særskilde verneforskrifter. Dette gjeld og fortau, gang og sykkelstiar i sentrumsnære område. SV vil jobba for at lag og foreiningar kan søka støtte for å gjera bygningar i deira hende meir universelt utforma. Eldrerådet og Rådet for funksjonshemma skal alltid tas med tidleg i startfasen av nye prosjekt og rehabilitering.

Klima og miljø

Klimakrisa og overforbruk av naturressursar er globale problem, men mange av løysningane er lokale. Suldal skal ta klimakrisa og truslane mot naturmangfaldet på alvor og bli ein berekraftig kommune. Miljøpolitikken må gjennomsyra lokalpolitikken og syna seg i planarbeid og konkret handling. Me må ha ein god beredskap for klimatrugsmål og samanbrot i kommunikasjonane, og ny Klima- og energiplan må ha som mål at Suldal skal verta ein nullutsleppskommune.

Klima- og miljøkrisa kan ikkje løysast individuelt, men må løysast i fellesskap. Me må gjennomføra ei rettferdig grøn omstilling. Me må nytta denne krisa og det heilt nødvendige behovet for omstilling til å skapa eit betre samfunn med mindre forskjellar mellom folk. Eit samfunn der fellesskapet står i fokus, ikkje økonomisk vekst for nokre få som rammar menneske og natur.

Me vil ha strenge miljøkrav for offentlege innkjøp, el-bilar, bidra til å utvikla grønt næringsliv og omstilla lokalsamfunnet. Me vil gje støtte til konteinrarar for å rydda opp i naturen, me ønskjer meir solcellepanel på offentlege og private bygg, me vil seia nei til eingongsplast, og me vil ha nullutslepp og skattlegging av oppdrettsanlegg. Me vil jobba for at Ulla-Førre-næringsfond prioriterer nyetablering av nullutsleppsbedrifter og omstilling til grønar drift av eksisterande verksemder.

SV vil verna om naturmangfaldet og vil ikkje ha vindmølleanlegg i kommunen, men heller oppgradera eksisterande elektriske anlegg . Me vil verna dyrka mark og artsrike område. Hyttebygging bør ikkje skje i sårbare naturområde. Me vil jobba for eit større mangfald på kommunale område, til dømes ved å opparbeida fleire blomsterenger og forvalta område slik at insekta får betre tilhøve.

Dieseldrivne fartøy gir store utslepp til havs og i luft sjølv når dei ligg til kai. Me vil jobba for landstraumanlegg på industrikaiane, og at alle lastebåtar som legg til kai i kommunen, må gjera seg nytte av landstraumanlegg.

Me vil hindra spreieing av mikroplast og vil derfor ikkje ha fleire kunstgrasbanar. Det er ei lov under behandling om å samla opp all gummigranulat frå kunstgrasbanane, og me vil jobba for at kommunen allereie før lova trer i kraft, tek ansvar for dette. Gummigranulat er den nest største kjelda til plastureining for den norske landjorda. Me vil at denne lova blir handheva ved å forby bruken av gummigranulat på eksisterande kunstgrasbanar i kommunen.

SV kjem også til å fortsetja å jobba for Haukelibanen.

Barn og unge

Kvar barnehage og skule må ha nok vaksenressursar til å følgja opp kvart einskild barn. SV vi sikra at barna har kvalifisert undervisning med kompetente lærarar og fagarbeidarar i gode fagmiljø. Lærarnorma må ikkje ta utgangspunkt i gjennomsnittet i kommunen, men i det faktiske talet på barn i klassen.

I-pad i undervisning skal vera eit supplement, ikkje ei erstatning til lærebøker på papir. Digitale løysingar skal brukast for å auka kvaliteten, ikkje for å spara pengar.

Suldal SV vil jobba for at VG1 studiespesialisering blir etablert på Sand igjen. Alle 10. klassingar skal få tilbod om 2 veker sommarjobb i Suldal kommune.

Me vil at elevane i skulen skal få tilbod om eit skulemåltid.

Barnevernet må vera til stades som ein synleg hjelpeinstans i lokalsamfunnet. Det skal vera enkelt for foreldre å ta kontakt når livssituasjonen i familien vert vanskeleg. Når foreldre eller andre tek kontakt, må barnevernet få nok ressursar og ha rett kompetanse til å kunne setje i verk tiltak til beste for barnet innan kort tid.

Altfor mange fell utanfor på grunn av økonomi. SV vil prioritera tiltak retta mot familiar med låg inntekt, slik at barn og ungdom frå desse familieane får same like vilkår til å delta i samfunnet som andre ungdommar. Kommunen må aktivt støtta opp om ordningar som gir barn og unge, skular og barnehagar tilgang på gratis tur- og friluftsutstyr. Me vil også jobba for at Suldal Bad vert for alle både når det gjeld aktivitetar og prisar.

Kultur og idrett

SV vil ha eit breitt kultur- og idrettsliv som er tilgjengeleg for alle. Slik vil alle få anledning til å uttrykka seg på trygge arenaer. Kultur og idrett skal vera arenaer for fellesskap og inkludering.

Me vil ha ein fagleg sterk, brei og rimeleg kulturskule. SV vil sikra at Kulturskulen får nok budsjettmidlar til dette. Distriktsmusikarane er ein viktig del av dette, og må sikrast lønsmidlar slik at

desse unike stillingane kan bli oppretthaldne. Me vil styrka det lokale frivillige kulturlivet, og me vil at alle biblioteksfilialane skal halda fram.

SV vil føra ein kulturpolitikk der kulturvern og stimulering til nyskaping går hand i hand. Kunnskap og formidling av kultur og historie, både eigen og andre sin, bidrar til at ein forstår seg sjølv, andre, og samfunnet som heilskap betre.

Integrering

Suldal bør ta imot minst det talet flyktningar som UDI ber oss om å husa.

God integrering krev at alle etatar tek eit ansvar. Dei ulike etatane må samarbeida med kvarandre og innbyggaren, for å komma fram til løysningar som høver den enkelte innbyggjar. SV vil jobba for at dei tilsette får meir tid og ressursar til samarbeid.

Det første leddet for å få til god integrering, er ei god tolketeneste. Me vil jobba for at tolkane som kommunen nyttiggjer seg av, må vera godt kvalifiserte, det vil seie med tolkeutdanning og/eller statsautorisasjon.

Introsenteret bør halda fram med samarbeid med frivillige organisasjonar og enkeltindivid slik at det vert fleire naturlege møtestader. Dersom tilrettelegginga er god, bør kommunen be om å få ta i mot fleire flyktningar. Behovet er ikkje mindre, sjølv om det er mindre framme i media enn det var under flyktningkrisa i 2015.

Helse

SV vil styrka tilbodet til psykisk helse. Helsestasjonar og helsesjukepleiar er viktige element i det førebyggjande arbeidet både når det gjeld psykisk og fysisk helse, og me vil styrka denne ressursen. Fysioterapeutane må og sikrast nok ressursar til det allsidige arbeidet innan både folkehelse og behandling.

Dei fleste ungdommane våre har det bra, men diverre gjeld det ikkje alle. Talet på ungdommar som slit med psykiske helseplager, aukar. Det er viktig med nok helsepersonell og andre vaksenpersonar på skulane, slik at ungdommen har tilgang til gode samtaletilbod.

Eldreomsorg

Me må sikre gode heimebaserte tenester som dei eldre er så nøgde med at dei kan bu heime så lenge dei ønskjer. Men når dei har trong for ein institusjonsplass, må den stå klar, med nok bemanning til dei som treng pleie. Velferdsteknologien skal brukast til å gi dei eldre ei betre teneste enn i dag, ikkje vera ein innsparingspost for kommunen.

Bustad

Kommunen skal vera aktiv i tilrettelegging av bustadtomter i alle delar av kommunen og ha tilgjengelege kommunale bustader.

Næring

Når kommunen lyser ut anbod, må livssyklus-kostnader telja meir enn innkjøpskostnader og strenge miljøkrav skal vera ein del av tildelingskriteria. Det skal også vera eit krav at verksemda som får anbudet og alle underleverandørar, har tariffavtale og er lærlingbedrift.

SV vil hjelpa med tilrettelegging av næringsareal slik at terskelen for etablering blir lågare, og me skal stø opp om ei grøn vinkling av reiseliv og næringsliv generelt.

Me vil stø opp om landbruket gjennom eit kommunalt regelverk for stønad der særleg bruk av utmark og beite vert vektlagt, og me vil ha ei streng handheving av bu og driveplikt.

Me skal hindra nedbygging av dyrka mark.

Suldal kommune skal fortsetja å vera ein Fairtrade-kommune.

Kommunal drift

Suldal kommune skal ha ein sunn økonomi med rom for investeringar.

Kommunen skal vera ein god og stabil arbeidsgjevar som tar IA på alvor og oppmodar til fagorganisering.

SV vil arbeida for nok bemanning i helse, omsorg og oppvekst. Med god grunnbemanning, faste vikarar tilsett i kommunen og individuell tilrettelegging for eldre arbeidstakarar og tilsette med helseutfordringar, vil mange klara å stå i jobben lengre. SV vil arbeida for at dei tilsette får meir tid med folk gjennom auka grunnbemanning, og bruka mindre tid på administrative oppgåver.

Suldal kommune må og tenkja på stadig nye tiltak for å rekruttera til desse yrka, som vidareutdanning og kurs. Ordningane for kurs og vidareutdanning må vera føreseielege og med tilnærma like villkår.

Alle som ønskjer det skal få jobba heiltid. Me vil ha prøveordningar med 6-timarsdag for arbeidsgrupper med tung belastning.

Kommunikasjon

SV vil jobbe for stabil mobildekning der folk bur og ferdast. Me vil utvida drosje for buss-ordning, og undersøkje om det er mogleg med ei bildelingsordning for innbyggjarane. Me vil jobba opp mot fylke og Storting for å framskynda rassikringa i kommunen og for at hurtigbåtrutene skal halda fram slik dei er nå. Kommunen si nettside skal vera brukarvenleg.

Internasjonalt

Også i eit lokalval må ein ha blick mot verda utanfor. SV vil at Suldal kommune skal støtta Nei til atomvåpen/ICAN sine krav om eit traktatfesta forbod mot atomvåpen.

SV vil at Suldal kommune vedtar eit forbod mot varer produserte i israelsk-okkuperte område.